



Oddbjørn Kroka (t.h.) i Ospelunden AS legg vekt på å bruka lokal arbeidskraft. Musland Maskin v/ Tore Musland (t.v) har hovudentreprisen på veg, vatn og kloakk, eit arbeid som vil pågå fram til sommaren.

Ospelunden AS ved Oddbjørn Kroka har starta arbeidet med veg, vatn og kloakk i det som er byggesteg 3 i Ospelunden. Musland Maskin gjer arbeidet med egne og innleigde maskinar. Ein reknar med å bruka tida fram til sommaren før alt er på plass og ferdigstilt. Innan to månader skal høgspennlina ned og leggjast i vegbanen. Prosjektet er i samarbeid med Kvinnherad Bygg og ein legg vekt på å bruka lokale firma på bygg, elektro og røyr.

I kommunale planar vart det som sist er utbygd, rekna som byggesteg 2. Difor er den vidare utbygginga definert som byggesteg 3. Til dette byggesteget er det totalt teikna inn 30 tomter. I tillegg kjem det fellesområde og areal for parkering. Alt arbeid med tilrettelegging og infrastrukturen er kostnadsrekna til 15 millionar kroner. Då vert alt gjort ferdig og klargjort for vidare arbeid med sjølve tomtene, støyping og bygging.



Tre maskinar er i arbeid med boring, sprenging og planering. Bilete er i svingen der det vil gå veg på ut og inn i feltet (Sjå skissen under).

Tore Musland i Musland Maskin er godt nøgd med oppdraget i Ospelunden. Det er ein stor og viktig jobb for verksemda hans. Tre maskinar er i arbeid. Han leiger inn Toteknikk til all boring og sprenging. T. Helland frå Valen er leigd inn med ein maskin for muring, planering og lessing av overskotsmassar. Massar, som ikkje skal brukast , går på tipp.

Deler av fellesareal og parkeringsplass vert mellombels brukt til riggområde med lagring av røyr og kummar. Ein er klar for å starta arbeidet med vegen både ut og inn i feltet. Kvar dag går det av 3 - 4 salvar. Uskedalen.no var med på ei sprenging og fekk sjå arbeidet med sikring og varsling.

Oddbjørn Kroka har alt merka seg at det stor interesse for det vidare arbeidet med byggefeltet i Ospelunden. Mange er inne på sosiale media og føl med på utbygginga. Han har byggemeld dei to fyrste tomannsboligane. To leilegheter er alt selde. I tillegg vert det i denne omgang bygd ein liten einebustad.

Kvinnherad Bygg leverer all trelast og innredning. Så langt det let seg gjera, vert det brukt lokale firma på elektor og på røyr. Til no har Kroka god erfaring både med Kvinnherad Elektro, H2 Elektro, Uskedal Røyr og Multiservice og med lokale byggmeisterfirma.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Skissen viser byggefeltet i Ospelunden. Byggesteg 3 med 30 tomter er det som ligg øvst opp mot granfeltet.